

Årsplan for barnehagen



Øyfjell oppvekstsenter

2023 / 2024

Innhald

| | |
|---|-------|
| DEL 1 UTGREIING AV VERKSEMDA | |
| 1. Presentasjon | s. 3 |
| 2. Tilsette | s. 4 |
| 3. Barnehagen sine rådsorgan | |
| 3.1 Foreldreråd | s. 5 |
| 3.2 Samarbeidsutvalet | s. 5 |
| 4. Handlingsplanar | s. 6 |
| 5. Samarbeid med andre instansar | s. 7 |
| 6. Samarbeid mellom barnehage og skule | s. 8 |
| 7. Samarbeid mellom barnehagen og heimane | s. 10 |
| 8. Visjon | s. 12 |
| 9. Verdigrunnlag | s. 12 |
| DEL 2 INNHALDET I BARNEHAGEN | |
| 1. Rammeplanen | s. 14 |
| 1.1 Omsorg | s. 14 |
| 1.2 Leik | s. 14 |
| 1.3 Danning | s. 15 |
| 1.4 Læring | s. 16 |
| 1.5 Venskap og fellesskap | s. 16 |
| 1.6 Inkluderande barnehage- og skulemiljø | s. 17 |
| 1.7 Kommunikasjon og språk | s. 18 |
| 1.8 Barns medverknad | s. 18 |
| 1.9 Fagområda | s. 19 |
| 2. «Med himmelen som tak» | s. 21 |
| 3. Eg er meg og du er deg | s. 22 |
| 4. Barnehagen sitt samfunnsmandat | s. 23 |
| 5. Grunnleggande ferdighetar | s. 24 |
| 5.1 Dei yngste barna | s. 24 |
| 5.2 4-5 åringane i utegruppe | s. 25 |
| 6. 5-års gruppa | s. 26 |
| 7. Kulturtilbod | s. 26 |
| 8. Matsservering, Fiskesprell og 5 om dagen | s. 26 |
| 9. Aktivitets- og merkedagar / emneplan | s. 27 |
| 10. Dokumentasjon | s. 28 |
| 11. Vurdering | s. 29 |
| 12. Trafikksikker barnehage | s. 29 |
| 13. Kompetanseutvikling i barnehagane i Vinje | s. 30 |
| 14. Personalsamarbeid | s. 30 |
| 15. Dagsrytme | s. 31 |
| 16. Skule- og barnehageruta | s. 32 |
| 17. Hugseliste for foreldre | s. 33 |

Plan for verksemda barnehageåret 2023 / 2024

I fylgje Lov om barnehagar er barnehagen pålagt å lage årsplan. Det er samarbeidsutvalet som skal godkjenne årsplanen kvar haust.

Årsplanen har fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styre verksemda i ei medviten og uttalt retning.
- utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen
- informasjon til barnehageeigar (kommunen), politikarar, samarbeidspartar og andre interesserte om det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Barnehagen si verksemd blir regulert av:

- Barnehagelova
- Rammeplan for barnehagen (forskrift til Barnehagelova)
- Verksemdsplan
- Årsplan, planar for kortare periodar og planar for progresjon
- Vedtekter for barnehagane i Vinje
- Aktivitetsplikta og arbeid med å syte for at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø
- Andre lovar som vedkjem drifta

DEL 1 – UTGREIING AV VERKSEMDA

1. Presentasjon

Øyfjell oppvekstsenter har tilbod om barnehage, skule og skulefritidsordning. Barnehagen er ein kommunal barnehage med tilbod for barn i alderen 1-6 år. Barna kan ha tilbod 3, 4 eller 5 dagar i veka.

Skulen og barnehagen ligg frå kvarandre med ein «Hundremeterskog» i mellom. Barnehagen ligg nær ljosløypa og me har tilgang til jorde å ake på. I skogen like ved barnehagen har me ein trelavvo og ein gapahuk som me nyttar på turar og når me har utegrupper. I tillegg er det ei grillhytte på skulen som me kan låne når me er på tur.

Opningstid: 06.45 – 17.00

Barnehagen er stengt 5 dagar i løpet av barnehageåret i samband med kurs- og planleggingsdagar for dei tilsette. I tillegg er barnehagen stengt to veker i juli.

Alle barn skal ha ferie i fire veker i løpet av barnehageåret. Tre av vekene skal takast i samanheng. Den fjerde veka kan delast i to, men ikkje i enkeltdagar.

1.1 Oversikt over borna pr 01.09.23

| Vekedag | Tal på born over 3 år | Tal på born under 3 år | Talet på barn / plassar |
|---------|-----------------------|------------------------|-------------------------|
| Måndag | 10 | 8 | 18 / 26 |
| Tysdag | 10 | 8 | 18 / 26 |
| Onsdag | 10 | 9 | 19 / 28 |
| Torsdag | 10 | 9 | 19 / 28 |
| Fredag | 9 | 5 | 14 / 19 |

Barn født i 2018: 5 barn, 1 jente og 4 gutar

Barn født i 2019: 2 barn, 1 jente og 1 gut

Barn født i 2020: 5 barn, 2 jenter og 3 gutar

Barn født i 2021: 5 barn, 2 jenter og 3 gutar

Barn født i 2022: 2 barn, 1 jente og 1 gut

Totalt 19 barn, 7 jenter og 12 gutar

2. Tilsette

| | |
|---|--|
| Verksemdsleiar | Dag Rune Sandvik |
| Assiterande verksemdsleiar/ pedagogisk leiar | Unni Kristensen, Tlf 97 17 63 85 |
| Pedagogisk leiar | Grete Øien Mari Grønlid |
| Assistentar | Siren Eichholz Henriksen Montserrat Ontiveros Anita Sudgarden |
| Fagarbeider | Åse Helen Omland Sending Ingvild Moen Fonnebø Birgith Hommo Merete Loftsgarden Kostveit |
| Matansvarleg | Wenche S. Seltveit |
| Reinhaldar | Melody Legaspi |

3. Barnehagen sine rådsorgan

3.1 Foreldreråd

Foreldrerådet er foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet vel leiar og nestleiar. Foreldrerådet sin funksjon er at dei skal fremje foreldra sine fellesinteresser og dei skal bidra i samarbeidet mellom foreldre og barnehage. Gjennom samarbeid kan vi skape eit godt barnehagemiljø.

Leiar: June Verstod
Nestleiar: Tor Mølster Byggland

3.2 Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet er sett saman av foreldre og tilsette ved Øyfjell oppvekstsenter (barnehage og skule) Samarbeidsutvalet skal vera med å drøfte barnehagens og skulens ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehage, skule og lokalsamfunnet.

Frå foreldra i barnehagen: June Verstod
Vararepresentant: Tor Mølster Byggland

Frå tilsette i barnehagen: Mari Grønlid
Vararepresentant: Åse Helen Omland Sending

Frå foreldra i skulen: Marianne Haugen Solstad
Vararepresentant: Margit Christenson Aarhus

Frå tilsette i skulen: Britt Marie Staaland
Vararepresentant: Mona Testad

Politisk representant: Åshild Bringsvær- Sunde
Vararepresentant: Kari Omdal Tveito

Elevrepresentant: Olav Aarhus
Jone Solstad

Leiar: June Verstod
Nestleiar: Marianne Haugen Solstad

4. Handlingsplanar

| Planar: | Kvar finn du dei: |
|---|--|
| Årsplan | www.vinje.kommune.no |
| Branninstruksar | Oppslag |
| Handlingsplan for barn i sorg | Compilo |
| Frå eldst til yngst (plan for overgangar) | www.vinje.kommune.no |
| Handlingsplan ved mistanke om seksuelle / fysiske overgrep mot barn | Compilo |
| Prosedyre for helseovervaking | Compilo |
| Smittevernplan | Compilo |
| Språkplan for Vinje kommune | www.vinje.kommune.no |
| Handlingsplan mot vald i nære relasjonar | www.vinje.kommune.no |
| Beredskapsplan | Compilo / perm på kontoret |
| Trygt og godt miljø i barnehagen | Compilo / www.vinje.kommune.no |

5. Samarbeid med andre instansar.

Samarbeid med andre instansar er viktig for at me skal kunne hente inn nye kunnskapar og inpulsar til barnehagen. Dette vil vi kunne dra nytte av i arbeid med heile barnegruppa og i høve einskildbarn.

| Tiltak | Når | Ansvar |
|--|------------------|--------------------------------|
| Plan for innkøyring på skulen | På våren | Skulen |
| Felles plan for aktivitetar med skulen | Heile året | Eigen plan |
| Felles planlegging med skulen | Planleggingsdag | Leiar |
| Kontakt med PPT om enkeltbarn | Heile året | Nestleiar og ped.leiar |
| Barneteam | Ved trong | Nestleiar og ped.leiar |
| Samarbeidsmøte med helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar for barn og unge | Ca 6 møte i året | Leiar, nesteleiar og ped.leiar |
| Samarbeid med fysioterapeut (5-åringane) | | Nestleiar og ped.leiar |
| Ansvarsgrupper for enkeltbarn | Ved trong | Nestleiar og ped.leiar |
| Forum for systemretta arbeid i barnehagane (PPT, logoped og styrarane) | Ca 5 møte i året | Nestleiar og ped.leiar |
| Barnevernstenesta | Ved trong | Leiar og nestleiar |
| Logopeden i Vinje | Heile året | Ped.leiar |
| Andre barnehagar (styrarmøte) | Heile året | Leiar og nestleiar |
| Utdanningsinstitusjonar | Ved trong | Nestleiar / ped.leiar |
| Ressursgruppe « Eg er meg og du er deg» | Jamnlege møte | Ressursperson (Grete Øien) |
| Læringsmiljøteam | Ved trong | Nestleiar / ped.leiar |

TIBIR FORELDRERÅDGJEVING

Foreldrerådgjeving er eit tilbod som fremjar trivsel og samarbeid i familiar med barn i alderen 3-12 år. Dette er eit gratis tilbod som omfattar råd og rettleiing til foreldre som ynskjer ein betre kvardag med barnet sitt.

Foreldrerådgjeving er ei systematisk rådgjeving til foreldre for å endre fastlåst samspel og gje foreldre fleire verkøy i barneoppdraginga. Foreldra kan ta kontakt med foreldrerådgjevarane eller leiande helsesyster for å få meir informasjon om tilbodet.

6. Samarbeid mellom barnehage og skule

Ved at barnehagen og skulen er slått saman til ei eining har vi gode moglegheitlar for eit nært og godt samarbeid.

For å sikre jamnleg kontakt har vi sett opp ein plan over felles tiltak/ aktivitetar:

| Kva skal skje? | Når? |
|--|----------------|
| Turbotrakk saman med 1. og 2.klasse | 29.august |
| Tur til Falkeriset for elgar og gauper saman med 1. – 2.klasse | 13.september |
| 3.-4.klasse les for barnehagebarn | Desember |
| Advent i gapahuken: Felles morgonsamling for skuleelevane og 3-5 – åringane. | Desember |
| Felles vinter- eller våraktivitet | Vinter / vår |
| Felles akedag for 1.- 4.kl og barnehagen | Februar / mars |
| 5.- 7.kl er juniormedarbeidarar i barnehagen. Elevane er med / tek ansvar for aktivitetar i barnehagen | Vårhalvåret |
| Overgang barnehage til skule. Gjere avtaler og opplegg | Vårhalvåret |

I tillegg til den lokale planen er det laga ein felles plan i Vinje. Denne skal gjere overgangane mellom barnehage- barneskule og barneskule- ungdomskule så god som råd.

| TILTAK/FORMÅL: | ANSVAR: | FRIST: |
|--|-----------------------------|--------------------------------------|
| Barnehagebesøk 1.klasse besøkjer førskulegruppa i barnehagen og fortel om skulen | Ped.leiar og 1.klasse lærar | Okt/nov |
| Samarbeidsmøte – barn med spesielle behov. Overføre kjent informasjon om barn som treng tilleggsressursar. Styrar, rektor og ped.leiar deltek. Eventuelle andre instansar. Oppstartmøte med tanke på utarbeiding av IOP med samtykke frå føresette. Blir utarbeidd i samarbeid mellom skule og PPT /andre instansar. | Styrar | Hausten |
| Felles personalmøte barnehage/småskule. Lærar i 1.kl og førskulelærar som har 6 åringane + styrar og rektor: Utveksle kunnskap om planar, rutinar og arbeidsmetodar til kvarandre. Samarbeidsmøte – tilbakemelding frå skule til barnehagen, korleis det går med 1.klasse. Dei tilsette som jobbar med dei eldste i barnehagen, småskulen og SFO deltek. | Styrar | Des |
| Foreldremøte Foreldremøte med foreldra til komande 1.klasse – vel klassekontakt | Rektor | I sam - band med skule - innskriving |
| Barn som ikkje går i barnehagen Kontakt med helsesyster vedk. førskulebarn som ikkje går i barnehagen | Styrar | Før skule -besøk |
| Skuleinnskriving Invitasjon til innskriving sendast til alle som skal begynne på skulen, vedlagt: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Innskrivings skjema ▪ Søknadsskjema til SFO | Rektor | Mars |
| Overføringsmøte barnehage – skule: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Overføring av informasjon, etter samtykke frå føresette, om kvart enkelt barn og barnegruppa. ▪ Føresette må få tilbod om å vera med på samtala. Representant frå leiinga i barnehagen og skulen, SFO, ped.leiar og kontaktlærar deltek + evaluering | Styrar | Mai/juni |
| Skulebesøk. Ped.leiar og lærar for 1.klasse avtalar datoar for skulebesøk | | |

7. Samarbeid mellom barnehagen og heimane

Mål: Me ynskjer å ha ein open og god kommunikasjon som bygger på tillit mellom heimane og barnehagen.

Tiltak:

Me brukar appen Min barnehage (Visma) som kommunikasjonskanal, i tillegg til munnleg info, oppslag, telefonsamtaler og meldingar.

8.1 Informasjon til nye foreldre

- Samtale med nye foreldre etter behov
- Info.brev før barnehagestart
- Vedtekter for barnehagane i Vinje kommune (www.vinje.kommune.no)

8.2 Foreldresamtaler

- Ei foreldresamtale før jol og ei samtale på våren.
- I tillegg til desse kan både foreldre og barnehage be om samtale ved trong.

8.3 Foreldremøte

- Minimum to foreldremøte pr. år

8.4 Informasjon til heimane

- Info. om kva me har gjort om dagen på tavla ute / på døra
- Munnleg informasjonsutveksling ved bringing /henting
- Barnehagenytt kvar månad
- Årsplan

8.6 Forut-kafe

- Ein ettermiddag i oktober

8.7 Påskefrukost

8.8 Sommaravslutning

- Barna, personalet og foreldre har felles avslutning.

8.9 Samtaler med foreldrerådsleiar

- Foreldrerådsleiaren er eit bindeledd mellom barnehagen og foreldre, slik at om det er noko du vil skal bli teke opp og som gjeld alle, kan du kontakte foreldrerådsleiaren.

8. Tilvenning i barnehagen


Tilvenning i barnehagen vekker ofte sterke kjensler hjå både barnet og dei føresette.

Tilvenningstida i barnehagen er der for å:

- Venne barnet til det nye miljøet, og hjelpe barnet i tilknytningsprosessen.
- Gje barnet tid til å bli tilstrekkeleg kjent med minst ein tilsett, slik at den personen kan fungere som ei erstatning for dei føresette den tida barnet er i barnehagen.
- Hjelpe barnet til å oppleve tryggleik og omsorg sjølv om dei føresette ikkje er til stades. Barnet skal bli tilknytt dei tilsette slik at det kan engasjere seg i leik og utforsking.

Tips i tilvenningstida:

- Korte dagar i starten
- Samtale mellom foreldre og tilsett i barnehagen. Kva vanar har barnet? Er det noko me må ta spesielle omsyn til? Kva søker barnet om det blir lei seg?
- Bruk tid på tilvenning.
- Ein tilsett som er mykje saman med barna slik at dei blir tilstrekkeleg kjent.
- Barna bør sove i si eiga vogn / vognpose slik at det kjennest trygt.
- Spør barnehagen om de lurar på noko.



9. Visjon

Øyfjell oppvekstsenter har felles visjon for barnehage og skule:

«Saman i bygda»

Barn

Ytring

Glede

Drivkraft

Aktivitet.

10. Verdigrunnlaget til barnehagen

I fylgje barnehagelova § 1 skal barnehagen bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i alle religionar og livssyn. Verdiane er også forankra i menneskerettane og barnekonvensjonen. I barnehagen skal barnets behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning møtast. Barnet skal også få ta del i og medverke i eit fellesskap. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livmeistring og helse.

| | Dei vaksne / barnehagen |
|-------------------------------|--|
| Barn og barndom | <ul style="list-style-type: none">• Anerkjenner og vernar om eigenverdien til barndommen• Syter for at barna opplever trivsel, venskap og leik• Tenker på barnets beste• Møter kvart enkelt barn som eit individ, og hjelper barnet med å utvikle eit godt sjølvbilette• Møter barna med empati, og hjelper dei til å utvikle empati for andre |
| Demokrati | <ul style="list-style-type: none">• Inkluderer barn og let barn medverke i kvardagen sin• Gjev rom for ulikhetar i høve språk, kultur og religion, slik at alle får lik rett til å delta i medverknad av barnehagedagen. |
| Mangfald og gjensidig respekt | <ul style="list-style-type: none">• Ser mangfald som ein ressurs• Gjev barna felles erfaringar som synleggjer verdien av fellesskap• Byr barna på varierte impulsar• Snakkar om at me både er ulike og like, synleggjer det i arbeidet i barnegruppa• Blir kjent med kvart barn og familien til barnet (behov, ressursar, kultur...)• Synleggjer ulike nasjonalitetar og kulturar som er representerte i barnehagen i nær dialog med foreldre |
| Likestilling og likeverd | <ul style="list-style-type: none">• Motverkar alle former for diskriminering• Markerer at me er ulike saman i eit fellesskap• Gjev alle lik moglegheit til å bli sett, høyrd og oppmuntra til å delta i fellesskap i barnehagen• Er ein rollemodell som er bevisst på eigne haldningar i høve likestilling og likeverd |

| | |
|------------------------|---|
| Berekraftig utvikling | <ul style="list-style-type: none"> • Gjev barna naturopplevingar • Syner barna at ting kan brukast på nytt eller på andre måtar. Snakkar om kor fint det er å arve eller bruke etter andre. • Er i lag med barna og undrar seg saman med dei over mangfaldet og fenomen som finnast i naturen • Lærer barna korleis me tek vare på naturen og kvarandre • Kjeldesorterer avfallet i barnehagen og lærer barna om kvifor det er viktig • Tek i bruk nærmiljøet rundt barnehagen |
| Livsmeistring og helse | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenne til aktivitetesplikta, Barnehagelova §42: «<i>Plikt til å sikre at alle barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø</i>» • Legg til rette for at barna skal vere i samspel, ein del av eit fellesskap og oppleve vennskap. • Gjev barna høve til å meistre og kjenne eigenverdi. «<i>Du er god nok</i>» «<i>Du klarar!</i>» • Gjev barna støtte til å takle motgang. Ein må både prøve og øve. • Lærer barna å bli kjent med egne og andre sine kjensler og uttrykk. • Gjev alle barna høve for ro og kvile ved å ha ei dagsrytme som gjev barna høve til å slappe av, ikkje bare vaksenstyrt aktivitet. Nærværstrening kan vere ein måte å møte dette behovet på. • Legg til rette for fysiske aktivitetar ut frå barnas utviklingsnivå slik at dei utviklar god motorikk og rørsleglede • Lærer barna trafikkreglar og det å ferdast trygt etter vegen når me er på tur • Lærer barna gode matvanar. • Kjenner opplysningsplikta til barnevernet, Barnehagelova §46 |

Vinjebarnehagen har i tillegg desse verdiane felles

- Vise respekt
- Gje tillit
- Vere kompetent
- Samhandle
- Vere målretta
- Vere løysingsorientert

DEL 2 FORMÅLET MED OG INNHALDET I BARNEHAGEN

1.Rammeplanen

Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova, og fastset meir utfyllande kva innhald og oppgåver barnehagen skal ha.

1.1 Omsorg

For at barn skal vere trygge og trivast må dei oppleve omsorg. Omsorgen gjev grunnlag for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal syte for at barna får dekt sine fysiske behov som for eksempel mat, ro og kvile.

Barnehagen skal legge til rette for at barna kan knyte seg til dei som jobbar i barnehagen, og at dei kan knyte seg til kvarandre og kjenne at dei høyrer til. Når nye barn startar i barnehagen legg barnehagen til rette for at barnet får ein eller to vaksne som dei er mykje saman med i tilvenningstida.

1.2.1 Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen fordi den har eigenverdi og fordi den er ei viktig side av barnekulturen. I leiken har barn høg kompetanse og stort engasjement, og det er ei viktig uttrykksform for dei.

Sidan vi veit at leik er så viktig for barns utvikling på dei fleste område er det viktig at alle får leike / delta i leik her i barnehagen. Leiken er det beste utgangspunkt for å utvikle sosial kompetanse og språk.

I barnehagen er det lagt opp til at barna skal ha tid til leik dagleg, både ute og inne. Dersom det er barn som ikkje deltek i leik eller som vert halde utanfor leiken, må dei vaksne ta tak i dette. Dei vaksne må legge til rette for variert leik, og elles vere tilgjengelege ved å støtte, inspirere og oppmuntre.

Gjennom leikegrupper kan barna få erfaringar på tvers av barnegruppa. Då kan dei vaksne hjelpe barna til å ”oppdage” nye leikekameratar og/ eller ein ny type leik. Den vaksne er rollemodell, og kan vise barna sin leikekompetanse.

Barn får mykje læring gjennom rolleleik:

- Turtaking (min tur- din tur, dialog)
- Fylgje spelereglar, øve på sosiale kodar, timing
- Lære å lese ”det sosiale spelet”
- Ta imot beskjedar
- Gje beskjedar
- Lytte / bli lytta til
- Lære å løyse konflikter
- Lære å forhandle og fordele roller
- Lære om fleksibilitet
- Lære å regulere atferd, ta initiativ / ”hemme” seg
- Lære rikt og variert språk, auke ordforrådet
- Arbeide med vanskelege kjensler
- Sette seg inn i andre sin situasjon (empati)
- Prøve ut roller

- Få høve til å prøve og feile
- Føle meistring
- Oppøve merksemd og konsentrasjon
- Tileigne seg kunnskap
- Bruke fantasien

Vaksne må:

- Vere tilstades der barn leikar
- Vere orientert om barnas interesser
- Ha oversikt over leikens innhald og tema
- Delta i leiken når det trengs
- Ha eit overblikk over barnas roller i leiken og rollefordeling
- Ha eit overblikk over leikens utvikling over tid

1.2.2 Leik som regulering

Vest-Telemark PPT har dei siste åra hatt fokus på bruk av leik og fysisk aktivitet som reguleringshjelp for barn som treng hjelp til å regulere seg. Barnehagen er invitert til å delta i eit nettverk « Leik som regulering». I år er det ein tilsett som fylgjer dette nettverket, men me har også tidlegare hatt deltakar i nettverket. Nettverksdeltakaren får rettleiing i høve ein case, og teori og framlegg til praktiske øvingar og leikar (Theraplay).

1.3 Danning

Barnehagen skal gje barna opplevingar som er meningsfylte og som gjev dei kjensle av å meistre. Barna skal få ta del i ulike aktivitetar og prøve nye ting som styrkar samhaldet, men som også utviklar barnets eigen identitet. Barnehagen skal legge til rette for at det enkelte barn skal få sjansen til å uttrykke seg, men også at barnet skal oppleve demokratiske prosessar. Barnehagen skal syte for at barna skal utvikle kritisk tenking, etisk vurderingsevne og lære om felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Dei vaksne i barnehagen må legge til rette for godt samspel, dialog, leik og utforsking og rettleie barna slik at dei lettare kan ta del i fellesskapet. Barnehagen må legge til rette for at ulike behov, meningar og perspektiv blir anerkjent, og at mangfald og ulikskapar gjev grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.

1.4 Læring

Barnehagen skal vere ein stad der barn skal trivast i leik og aktivitet. Barnehagen skal gje barna høve til å utforske, lære og kjenne at dei meistrar. Det skal leggast opp til at barna får bli med på ulike aktivitetar som barna trivst med, og som gjev allsidig utvikling. Barna skal vere aktivt deltakande i eiga og andre si læring, og dei skal oppleve tru på egne evner og at dei er ein viktig del av fellesskapet i barnehagen. Det er viktig at barnehagen legg opp til at barna skal få undersøke, reflektere, vere nysgjerrige og få ny innsikt. Det skal vere progresjon i læringa hos barna slik som til dømes å lære å ete sjølv, for så etter kvart prøve å smørje maten sin sjølv og slå i drikke i koppen. Progresjonen kan også visast gjennom at yngre barn er små turar i nærområdet,

medan dei eldste er på utegruppe. I garderoben kan påkledning med dei yngste vere med mykje hjelp der me skildrar det me gjer og kva me tek på av tøy, medan dei eldstre barna skal øve på å bli sjølvstendige.

1.5 Venskap og fellesskap

Tidlege erfaringar med jamaldringar er viktig for å utvikle samspelsevne hos barn. Barnehagen er difor ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av venskap.

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar.

I barnehagen vil vi leggje vekt på at ungane skal utvikle gode sosiale ferdigheter som ein ressurs mot mobbing:

- Empati og rolletaking: kjenne att andre sine kjensler, forstå andre m.m.
 - Prososiale handlingar: hjelpe, dele, inkludere, vise omsorg m.m
 - Sjølvkontroll: vente på tur, gjere kompromiss, styre sinne m.m.
 - Sjølvhevding: ta initiativ, hevde meiningar, stå i mot gruppepress m.m.
 - Leik, glede og humor: spøke, ha det moro, forstå leikesignal m.m.
-
- Ha felles reglar som alle i barnehagen kjenner
 - Gje ros og positiv tilbakemelding
 - Rettleie barna i konkrete situasjonar
 - Rettleie barna ved negativ samhandling
 - Gje barna gode beskjedar, og fylgje opp beskjedar som er gitt
 - Førebyggje, stoppe og fylgje opp uønska situasjonar knytt opp mot diskriminering, utestenging, krenkingar og dårleg samspel.

1.6 Barns rett til å ha eit trygt og godt barnehagemiljø



1.januar 2021 kom det ei endring i barnehagelova som handlar om barns rett til eit trygt og godt barnehagemiljø

Barnehagen skal arbeide førebyggjande og kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna, og forhindre og gripe inn mot krenkingar.

- Barnehagane har fått ei aktivitetsplikt som skal sikre at barnehagane handlar raskt og riktig når eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Alle som arbeider i barnehagen skal melde frå til barnehagens styrar dersom dei får mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt barnehagemiljø.
- Saka skal undersøkast, og det skal settast inn tiltak og utformast ein aktivitetsplan.

Læringsmiljøteamet

Vinje kommune har oppretta eit tverrfagleg rettleiingsteam som heiter Læringsmiljøteamet. Teamet skal støtte barnehagane og skulane i arbeidet med å sikre at barna i Vinje har eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø

- Førebyggjande arbeid
- Rettleie barnehagar og skular
- Rettleiing i enkeltsaker

Teamet er sett saman av fagpersonar som arbeider i barnehage, grunnskule, SFO, vidaregåande skule og skulehelsetenesta. Grethe Seim er koordinator for teamet.

Barnehage og skule kan ta kontakt med teamet for å få støtte i det førebyggjande arbeidet knytt til barna sitt psykososiale miljø (t.d kompetanseheving).

Dei kan også ta kontakt dersom dei har enkeltsaker der eit eller fleire barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen eller på skulen, og det er prøva ut tiltak som ikkje har ført til betring.

Læringsmiljøteamet vil aldri overta sakene, men vil kunne gje rettleiing ved behov.

Foreldre kan sjølve ta kontakt med Læringsmiljøteamet, men det er viktig at det har vore ein dialog med styrar eller rektor i forkant av denne kontakten.

1.7 Kommunikasjon og språk

Kommunikasjon og språk påverkar alle sider av barnas utvikling, og barnehagen skal syte for at alle barna får god språkstimulering gjennom å ta del i aktivitetar som fremjar evne til kommunikasjon og som gjev god språkutvikling.

Alle barna i barnehagen skal gjennom dialog og samspel støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og oppleve meining i det som blir sagt.

Fleispråklege barn skal få støtte til å utvikle norsk språk samstundes som dei skal få støtte til å bruke sitt eige morsmål.

Det er laga ein felles språkplan for Vinje kommune. Dei tilsette skal oppdage avvik frå forventa språkutvikling så tidleg som råd slik at det kan settast inn tiltak for det barnet det gjeld.

Barna skal oppleve eit rikt og allsidig språkmiljø, og få erfaringar med både munnleg og skriftleg språk. Dei tilsette skal vere gode rollemodellar gjennom lytting, konstruktiv respons, kroppsspråk, talespråk og tekst.

Tiltak:

- Nært samarbeid med foreldre, logoped, spesial pedagog, PPT, helsestasjon og skule
- Samarbeid med dei andre barnehagane.
- Ha eit utval av gode barnebøker, derav mange nynorske bøker. I tillegg skal barnehagen formidle lokal litteratur
- Legge til rette for høgtlesing, språkleikar, song, rim og regler kvar dag.
- Markere verdas bokdag som er den 23.april

Dei vaksne må:

- Sikre samtaler / dialog i kvardagsaktivitetar (måltid, påkledning...) og leik.
- Markere leseretning når dei les for barna
- Møte barna på ein undrande måte, stille spørsmål og vente på svar
- Snakke *med* barna, oftare enn *til* barna.

Hjernen og hjertet har eit språkvurderingsverktøy; Språk 3-6. Det er nå i gang ei normeringsstudie som barnehagane i Vinje kommune skal vere med på. Målet for studien er å etablere norske normskorer, og det å etablere Språk 3-6 på norsk. Normeringsstudiet varer til det har kome inn nok språkvurderingar. Barna blir berre språkvurdert om foreldra gjev samtykke til det.

1.8 Barns medverknad

” Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd. Barn skal jamnleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd. Barnas synspunkt skal vektleggast i samsvar med alder og mogning”

Barnehagelova §3

I barnehagelova vert lagt vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om det som gjeld dei sjølve, og at barnas meiningar skal telje. Kor omfattande medverknaden er, vil vere avhengig av alder og funksjonsnivå. For at barna skal kunne medverke må det vere god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

Personalet må oppmuntre barna til å gje uttrykk for tankar og meiningar, og møte dei med anerkjenning for det dei uttrykker.

Medverknaden kan vere til dømes at dei vaksne tek tak i barna sine interesser, og saman med dei utviklar ein aktivitet / tema / prosjekt. Det kan også vere at barna til dømes kan vere med å påverke innhaldet i ei samling, eit måltid eller eit turmål.

Barna må å få vere med når barnehagedagen skal evaluerast. Dei må få gje uttrykk for korleis dei opplever kvardagssituasjonane: leik, samling, måltid, påkledning, turar, styrte aktivitetar, rydding. For å sikre denne evalueringa legg vi opp til samtaler med enkeltbarn og heile gruppa.

1.9 Fagområda

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse». Rammeplanen side 47

I rammeplanen er det skissert mål for alle fagområda. Desse vert ikkje referert her i årsplanen. Her kjem nokre døme på kva for aktivitetar barnehagen legg opp til for å nå måla for dei ulike fagområda:

Kommunikasjon, språk og tekst:

- Leik (til dømes songleik, regelleik og rolleleik)
- Songar, rim, regler og rytme
- Bli kjent med bokstavar. Dei eldste trenar på å skrive namna sine og evt. andre ord.
- Bokstavplansjer

- Lytte til lydar og til kvarandre.
- Samtaler
- Kjenne att andre sine kjensler gjennom kroppsspråk, andletsuttrykk og det dei seier.
- Bruke språket aktivt ved måltid, påkledning, bleieskift, samlingsstund....
- Lese bøkar
- Spele spel
- Tekstskaping
- Markere verdas bokdag som er 23.april
- Songkort
- Fortellarkort (lage historiar ut frå bilete)
- Snakkepakken (konkrete, bøker, spel....)
- Bruke språk-koffertar
- Bruke eventyrposane
- Språksprell for barna født i 2018 og 2019 (oppstart i oktober)
- Samtalepermen
- Begrepsmodellen

Kropp, rørsle, mat og helse:

- Gå på turar i nærmiljøet
- Gymaktivitet inne i salen på grendehuset og i barnehagen
- Uteleik
- Bli kjent med kva som er sunt og usunt (fiskesprell, 5 om dagen))
- Finmotoriske aktivitetar: teikne, perle, klyppe, lime...
- Lære om kroppen, bestemme over eigen kropp og lære å respektere andre sine grenser.
- Ski og aking
- Tid til å kvile /sove
- Utegrupper
- Sanseløype og hinderløype
- Nærværstrening
- Turbostråkk 29.8

Kunst, kultur og kreativitet:

- Song, dans og musikk
- Leikar (regelleik, songleik ...)
- Kulturtilbod: teater, konsert...
- Dramatisering (både vaksne og barn)
- Oppleve kunst. Sjå på og snakke om eigenprodusert og andres kunst.
- Formingaktivitetar: Måle, teikne, perle, snikkere, spikke, plastelina, fargar, fargeblanding..
- Legge fram ulikt materiell og verktøy.
- Vise fram ulike teknikkar

Natur, miljø og teknologi:

- Turar i nærmiljøet
- Kjøkkenhage (frø, vatne hauste..)
- Utegruppe for barna født i 2018 og 2019
- Gje ungane erfaringar og kunnskap om naturen

- Gardsbesøk om me får gjort avtaler om det
- Snoforming
- Sandkasseleik
- Natureksperiment, undre seg og skape nysgjerrighet.
- Gje ungane kunnskap om årstider, vær, planter, dyr..
- Tekniske leiker, skru saman / frå kvarandre ting og tang.
- Bygge hytte
- Studere forskjellar i ver, vind, temperatur og årstider.
- Lære om ulike dyr
- Naturvakt for barna født i 2018 og 2019

Mengd, rom og form:

- Trene begrep (form, storleik, tal, mengder, plassering...)
- Lære om geometriske former (spel: Colorama, lotto / kjenne att former på ting rundt oss)
- Lære om tal og mengder
- Spele spel med terning
- Leike med klossar
- Sortere
- Plakater med tal / mengde
- Bruke bøkar med matematisk språk (t.d Tellevers, Telleboka)
- Bruke begrepa høgre og venstre
- Matematikk i kvardagen: kor mange er vi i samlingsstund, matlaging, borddekking....
- Bake og lage mat der barna får bruke mål og vekt.
- I ryddesitasjonen: Kan du rydde 4 bilar? Kan du sette bamsen på midterste hylle?

Etikk, religion og filosofi:

- Hjelp barna i å forstå at vi er ulike, men like mykje verdt. Respektere og akseptere.
- Markere jol og påske med songar og forteljingar. Tradisjonar.
- Gje ungane kunnskap om kva som er rett og gale
- Filosofi: Lytte til og undre seg over ting. Møte barna med alvor, respekt og tid til å undre seg saman.
- Gje ungane erfaringar og kunnskap om mangfold. Alle er ulike, men skal verdsettast likt.

Nærmiljø og samfunn:

- Turar i nærmiljøet
- Gje ungane erfaringar og kunnskap om mangfold. Alle er ulike, men skal verdsettast likt.
- Ungane skal bli kjent med at Noregs og verdas folk har ulike levesett (t.d samar). Markere samedagen.
- Ta vare på tradisjonar i barnehagen. Legge til rette for at ungane kjenner seg som ein del av fellesskapet
- Jobbe for å få til besøk av til dømes brannvesen, tannlege eller politi.
- Markere refleksdagen
- Trafikkopplæring

2. «Med himmelen som tak»

Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barn å kjenne seg sjølv og verda omkring. Rammeplan for barnehagen forklarar kor viktig variert fysisk aktivitet er for utvikling av motorikk, kropps kontroll, vaner og innsikt i korleis dei kan ta vare på helsa og fremje eigen livskvalitet.

Føremålet er å bidra til at barna utviklar:

- Eit positiv sjølvbilete og gode erfaringar gjennom allsidige rørsler og kroppsleg meistring
- Kroppskontroll, motorikk, rytme og balanse
- Gleder, gode erfaringar og miljøkunne gjennom friluftsliv og ein utforskande bruk av naturen
- Kunnskap om og respekt for eigen og andres kropp
- Forståing for verdien av gode vaner og sunt kosthald

Helsedirektoratet har gjeve eigne anbefalingar til fysisk aktivitet for born og unge. Dei tilrår minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag, og meiner at slik aktivitet bør vera variert og intensiteten både moderat og hard. Fysisk aktivitet utover desse 60 minutta dagleg gjev ytterlegare helsevinst.

- Puterommet i barnehagen blir flittig bruka av små og store.
- Fast gymopplegg med dei yngste der dei får trene grunnleggjande motorikk som åling, krabbing, hopping og klatring.
- Turgrupper for barna født i 2020 og 2021
- Utegruppe for barna født i 2018 og 2019

Det me kan gjera inne, kan me gjera ute, men me kan ikkje ta naturen inn....

Naturen er i seg sjølv ei opplagt kjelde til å fremme fysisk aktivitet; i sær for born som med sin kunnskapstrong kan utforske nær sagt alt dei kjem over i skog og mark. Naturen er gratis, den er for alle, den byr på ideelle og tilpassa fysiske utfordringar for motorisk utvikling. Naturen stimulerer sansane til auka glede og forsterka motivasjon til uteliv generelt.

Den beste garantien for at barn er fysisk aktive, er faktisk at dei er ute. Born som leikar i naturen får betre koordinasjon, balanse, orienteringsevne og styrke.

Urørt natur er ferdig tilrettelagt og motiverande slik at borna ikkje treng apparat for å kunne bruke kroppen. Alle sansar blir stimulert, og naturen sjølv er apparat i form av tre til å klatre i, bratte skrentar til å skli i, store steinar å klive eller trestokkar å balansere på.

Forskning viser at i barnehagar med mykje plass og vegetasjon, leiker borna fleire fantasileikar og tempoet blir rolegare, konfliktane færre og den motoriske utviklinga betre enn i barnehagar med liten plass, lite natur og få høve for utfoldande leik.

Robuste barn veks på tre

Robuste barn veks på tre, på steinar og i søylepyttar, og særleg om vinteren. Dei har nokon gonger for korte gummistøvlar. Dei har nokon gonger skrubbsår.

3. «Eg er meg og du er deg- livsmeistring og nærværstrening for barn»

Vinje kommune har deltatt i eit program for folkehelsearbeid der hovudmålsetjinga er at barn og unge skal oppleve god psykisk helse og livskvalitet. Det er ynskjeleg at nærværstreninga skal bli ein integrert del av oppveksten til barn i Vinje. Dei tilsette i barnehagane skal tileigne seg kompetanse slik at dei kan drive nærværstrening saman med barna. Det er ein ressursperson (Grete Øien) i barnehagen som er ein del av ei ressursgruppe i kommunen. Prosjektet avsluttast hausten 2023, men arbeidet fortset i barnehagen i tida framover.

Barna skal:

- få eit fast pusterom i kvardagen
- få roe ned og kvile
- få styrka sjølvkjensla og lære sjølvomsorg
- få auka empati og evne til å forstå andre
- få evne til å setje sunne grenser og meistre eige liv
- bli godt rusta til å takle motgang og stress
- bli bevisste sine indre liv
- få ei betre psyksisk helse

Døme på innhald i nærværstreningane:

- Pust-kropp-hjarte
- Roleg og merksam som ein frosk
- Spaghettesten
- Massasje
- Barneyoga: ballong, kaninpust og yogaeventyr med pustetoget
- Pusteheisen
- Fantasireise i kroppen

4. Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagelova har gitt barnehagen eit samfunnsmandat. *Samfunnsmandatet til barnehagen er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til det beste for barna.*

- Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader.
- Barnehagen skal forebyggje diskriminering og mobbing på eit tidleg stadium.
- Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod til småbarnsforeldre.
- Barnehagen skal støtte og ta omsyn til kvart enkelt barn, samtidig som det skal ta omsyn til fellesskapet.
- Barnehagen skal sikre barn under opplæringspliktig alder eit oppvekstmiljø som både gjev utfordringar som er tilpassa alderen og funksjonsnivået til barnet, og som verner barnet mot fysiske og psykiske skadeverknader.
- Barnehagen skal styrkje høvet til læring og grunnlaget for aktiv deltaking i felleskap med jamnaldringar.
- Barnehagen skal ha dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane som er i samsvar med eksisterande kunnskap og innsikt om barndom og behova til barn.

Dei tilsette i barnehagen må vere aktive i høve læringsprosessane til barna. Nokre barn utforskar, kommuniserer og søker nye utfordringar, medan andre barn treng meir hjelp og støtte for å oppsøkje lærings situasjonar. Personalet må ha ei aktiv rolle slik at dei kan dele kunnskap og skape interesse for læring hos alle barna. Læringa er avhengig av kvaliteten i samspelet mellom barn og vaksne. Ros og mestringsopplevingar er viktig for barnas sjølvoppfatning og barnas haldning til vidare læring.

5. Grunnleggande ferdigheter

Barnehagen må jobbe for at barna skal få eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring.

Barna skal:

- Få tillit til egne evner.
- Kunne setje ord på eigen framgang
- Halde fokus
- Vere konsentrert
- Tåle motstand
- Tåle å streve
- Vere fleksible

5.1 Dei yngste barna

Små barn lever livet der dei til ein kvar tid er, og saman med dei menneska som finst der. Barnehagen er ein arena der barna kan vere med å skape sin eigen og andre sin identitet, kultur og kunnskap. Barnehagen er ein stad der barna vert danna og er med på å danne andre. Derfor er det viktig at tida i barnehagen vert fylt med meiningsfulle aktivitetar og opplevingar.

Det kan vere store skilnader i høve kva som er viktig for å gjere barnehagedagen god for dei ulike barna, men nokre punkt er grunnleggande:

- **Anerkjenning**
Barna har rett til si eiga oppleving
- **Tilknytning**
Alle treng nokon dei kan knytte seg til i barnehagen (andre barn eller vaksne)
- **Medverknad**
Dei vaksne må fange opp dei signala dei yngste barna sender ut, og prøve å tolke dei med eit godt blikk.
- **Kommunikasjon**
Dei yngste barna kommuniserer på ein mangesidig måte med både ord og kroppsspråk. Språkutviklinga er avhengig av ei god språkstimulering.
- **Omsorg**
Barna skal kjenne at dei vert tatt vare på av andre barn og vaksne (leik, måltid, soving, bleieskift.....)
- **Leik**
Barna skal føle at dei er deltakarar i eit fellesskap. Små barn likar å imitere og gjenta. Ein kan oppleve gjentaking som rutineprega og keisamt, men for små barn ser dette ut til å vere ei kjelde til glede og mening. Gjentaking kan vere ein god måte for å skape eit inkluderande klima fordi dei fleste kan forstå aktiviteten.
- **Kunnskap og ferdighetar**
Sjølv om barna er små, har dei mange ressursar i seg. Dei vaksne må legge til rette for læring barnas kvardag: måltid, garderobe, leik, samlingsstund, aktivitetar, turar....

Barnehagen har eit småbarnsrom der dei yngste kan trekke seg tilbake. Dette rommet blir brukt til leik, samlingsstund og måltid. Erfaringar viser at dei yngste gjerne brukar heile barnehagen, men me har høve til å skjerme dei slik at dei også kan vere aleine på puterom, i sandkassa, allrom eller formingsrom.

5.2 4- og 5- åringane i utegruppe

Det som står i punkt 5.1 er gjeldande også for dei største barna i barnehagen. Barnehagen har hatt gode erfaringar knytt til det å ha barna i utegruppe. Det har kome tilbakemeldingar frå foreldre som også synest at dette er viktig for deira barn.

Desse fagområda er i fokus på utedagane:

- Kropp, rørsle, mat og helse
- Natur, miljø og teknologi
- Nærmiljø og samfunn

For at utedagane skal bli gode for det enkelte barn, er dette viktige stikkord:

- Rett påkledding i høve vær og temperatur (sjølvsagt skift i sekken eller i hylla)
- Høve til å gå på ski vinterstid
- Medverknad: Barna har ein lovfesta rett til medverknad, men ikkje ein rett til å bestemme.
- Engasjerte vaksne: Dei vaksne må fange opp signal frå ungane, vere gode rollemodellar og legge opp til at barna får varierte opplevingar.
- Me har ein trelavvo som me brukar som base når me har utedag. Denne er utstyrt med vedovn slik at me har ein stad å varme oss på kalde dagar. I tillegg har me ein flott gapahuk med bål plass på same område. Skulen har også sett opp ei grillhytte, og den får me lov til å bruke når den er ledig.

På utedagane vil barna få varierte opplevingar gjennom heile året. Døme på aktivitetar:

- turar i nærmiljøet
- song- og regelleikar
- halde orden på området vårt, fyre opp bål, bålrett
- matlaging ute
- vinteraktivitetar: ski, aking, snoforming
- natureksperiment
- hauste i naturen: bærplukking, naturmateriale, fiskeing....
- allsidig motorisk leik: springe, hoppe, klatre, balansere.....
- formingsaktivitetar
- eventyr / historiar frå nærmiljøet
- lære om dyr og planter
- sjå på endringar i naturen i gjennom året

6. 5-års gruppa

Dette året er det fem 5-åringar i barnehagen. I år vil 5- årsklubben gå føre seg i barnehagen. Me kjem til å jobbe med Trampoline-boka som tidlegare år. Når me har 5-års klubb jobbar me med skuleførebuaende aktivitetar. Oppgåvene er aldertilpassa og barna trenar på å gjere seg ferdig, klyppe, lime, blyantføring, teikne, farge, mengder, tal, storleikar, skrive namnet sitt, motsetningar, rekke opp handa m.m. Me set også av tid til andre aktivitetar, høgtlesing og samtale.

7. Kulturtilbod

Barnehagen får tilbod om konsertar og framsyningar av DKS barnehage om lag 2-3 gonger i året. I tillegg får me av og til tilbod frå Folkeakademiet eller Vinjesenteret om framsyningar. Det er ein fin måte å gje barna møte med kultur og teateropplevingar.

Dette barnehageåret har me også fått tilbod om høgtlesing av nynorske bøker gjennom Folkeakademiet og Vinje mållag. Då kjem det ein frivillig til barnehagen for å lese for dei eldste barnehagebarna ein gong i månaden.

8. Matsservering, Fiskesprell og 5 om dagen

Barnehagen har ein matansvarleg som er tilsett i ei 60% stilling. Slik det er no er arbeidsdagane hennar lagt til måndag, onsdag og torsdag. Den matansvarlege lagar sunn og god mat dei dagane som ho er på jobb, og dei to andre dagane er det dei andre tilsette som syter for servering. Det er lagt opp til eit varmt måltid i veka, og baking av rundstykke / havregraut ein dag i veka. Dei andre dagane er det brødmat og knekkebrød. Det vert servert frukt og grønsaker kvar dag.

Barnehagen er med i Fiskesprell og 5 om dagen. Fiskesprell er eit prosjekt som jobbar med å få folk til å ete meir fisk og sjømat. 5 om dagen jobbar for at barnehagane skal tilby meir frukt og grønsaker.

Mål : Barnehagen skal fremje bruk av fisk, frukt og grønsaker.

Tiltak:

Barna skal vere med å lage ulike fiskerettar minst ein gong i månaden

Barnehagen tilbyr fisk / sjømat på bordet dagleg

Me syng songar om fisk, studerer fisk, brukar materiell frå ”fiskesprell”

Bursdagar vert feira med smoothie.

Barnehagen serverer oppdelt frukt dagleg.

Barnehagen skal tilby grønsaker som t.d tomat, paprika, agurk..... til brødmåltida.

Me syng songar, plukkar bær, brukar materiell frå 5 om dagen (spel , små bøker og liknande.)

Me dyrkar grønsaker i kjøkkenhagen

9. Aktivitets- og merkedagar / emneplan

Barnehagen har fleire ”merkedagar” som vi markerer med eigne tradisjonar. Barna opplever fellesskapet i barnehagen desse dagane. Ved å ta del i tradisjonar får ungane etter kvart ei djupare forståing for bakgrunnen for markeringa. Me har sett opp nokre emne som kjem til å vere utgangspunkt for utarbeiding av månadsplanar og aktivitetsplanar.

August:

Venskap, inkludering og omsorg for andre

Tilvenning for nye barn

Oppstart for utegrupper, turgrupper, gymsamling og nærværstreningar

Turbotrakk saman med 1. og 2.klasse på skulen.

September:

Tur til Falkenuten for elgar og gauper saman med 1. og 2.klasse på skulen
Tur til Dansarsteinen for elgane
Stein
Hauste i kjøkkenhagen
Naturen om hausten
Brannvernsvеke i veke 38
Starte opp med begrepsmodellen

Oktober:

Forut-aksjon og Forut-kafe
Markere refleksdagen 19.oktober
Oppstart språksprell etter haustferien (2018 og 2019)
Utegruppa merker adventsgran
Naturvakt

November:

Ville dyr
Språksprell
Farsdag 12.11
Tenne adventsgrana

Desember:

Morgonsamling i gapahuken saman med skulen
Adventssamlingar
Joleverkstad
Baking
Markere lucia-dagen

Januar:

Sope ut jula
Verdensrommet

Februar:

Kjensler
Karneval og fastelavn
Markere morsdag 11.2
Markere samefolkets dag 6.2

Mars:

Akedag saman med skulen
Påskeførebuingar
Påskefrukost saman med foreldre
Fyrstehjelp

April:

Eventyr

Markere verdas bokdag

Så frø

Mai:

17.mai (songar, teikne plakater, øve på å gå i tog og 17.mai-leikar)

Så og plante i kjøkkenhagen

Vårteikn

Juni:

Yrke

Avslutningstur for dei som skal starte på skulen

Sommaravslutning med foreldre

10. Dokumentasjon

For å dokumentere arbeidet i barnehagen nyttar me ulike metodar.

Me skriv «Dagen i dag» som blir hengt på døra, og me skriv månadsskriv kvar månad som foreldra får. I desse månadsskriva står det litt om kva me har gjort, og det står noko om planane me har framover. På fredagar sender me ut vekemelding i Visma foreldre app. Der står det litt om kva me har gjort den siste veka og det blir delt bilete. For at me skal kunne sende ut bilete i Visma må me ha samtykke frå foreldra (i Visma-appen). Barnas produkt / arbeid blir hengt opp inne på avdelinga eller i garderoben.

Når barna startar i barnehagen, får dei ein perm med namnet sitt på. Her blir det lagt inn nokre teikningar og bilete. Permen fylgjer dei gjennom heile barnehagetida. Når barna sluttar i barnehagen får dei permen med seg som eit minne frå barnehagetida.

11. Vurdering

I fylgje Rammeplanen skal barnehagen sitt arbeid vurderast ut frå krav i Barnehagelova, Rammeplanen og lokale planer.

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for barnas utvikling og læring. Dei tilsette må derfor observere utviklinga til barnegruppa og det enkelte barn.

For å få tilbakemeldingar frå barna legg vi opp til samtaler med det enkelte barn og gruppa. Innhaldet i desse samtalene kan vere om ein spesiell aktivitet eller om det som skjer i barnehagen generelt.

Foreldra er velkomne til å kome med tilbakemeldingar gjennom heile året. Elles legg vi opp til at foreldra er med å vurdere innhald og organisering på foreldremøta og foreldresamtaler haust og vår. Barnehagen er avhengig av tilbakemeldingar frå foreldre og ungar for å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.

Med jamne mellomrom brukar kommunen å ha ei nettbasert brukarundersøking. Hausten 2023 blir UDIR si foreldreundersøking sendt ut til foreldra.

Kommunen kan som eigar vere med på vurderinga gjennom sin representant i Samarbeidsutvalet.

Dei tilsette vurderer kontinuerleg det som skjer i barnehagen (t.d samspelet mellom menneska, det enkelte barns utvikling...). På personalmøta og planelggingsdagar vert det sett av tid til å reflektere saman og finne eventuelle tiltak for å gjere barnehagetilbodet betre. Gjennom medarbeidersamtaler vil det også vere høve til å ta opp ting til vurdering.

12. Trafikksikker barnehage

Me er godkjent som trafikksikker barnehage.

Arbeidspunkt for dette barnehageåret:

- Markere refleksdagen
- Barna skal gjennom turar lære korleis dei skal oppføre seg i trafikken med tanke på trafikkreglar for fotgjengarar og bruk av sansar i trafikken.
- Fylgje skriftlege rutiner for å ivareta tryggleiken både til fots og med bil/buss

Retningslinjer i høve turar

- Barnehagen innhentar løyve frå foreldra i høve det å transportere barn i buss / privatbilar
- Dersom me leiger buss skal bussen ha tre-punkts sikkerhetsbelte
- Me brukar refleksvestar på turar der me går etter vegen.
- Bruke venstre- høgre- venstre – regelen når me kryssar vegen.
- Når det er fleire vaksne med på tur etter vegen går ein vaksen fremst og ein vaksen bakerst.
- Me brukar turtau ved behov.
- Me har med lita fyrstehjelpspute.
- Me har med telefon med tilgang til telefonnummer.
- Me tel barna med jamne mellomrom; før avreise, under turen X gonger, før me går tilbake og når me er tilbake i barnehagen.
- Dei tilsette skal ha oppdatert fyrstehjelpskurs (kvart andre år).

Oppfordringar til foreldre

- Barn skal sikrast i bil etter gjeldande forskrifter
- Foreldre og barn bør bruke sykkelhjelm når dei syklar til barnehagen
- Foreldre og barn bør bruke refleks ved behov.
- Set alltid barna fyrst inn i bilen og ta dei alltid sist ut av bilen
- Så langt det er råd bør de parkere med fronten mot utkøyringa
- Ta nøkkelen ut av bilen
- Porten til barnehagen må vere att og i lås.
- Barn skal ikkje vere aleine på parkeringsplassen.

13. Kompetanseutvikling i barnehagane i Vinje

Kommunane i Vest-telemark skal samarbeide om «Kompetanseløftet». Måla for kompetanseløftet er:

- Alle barn og elevar opplever å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule
- Alle barn og unge skal få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel- uavhengig av sine føresetnader
- Barnehagar, skular, PP-tenesta og andre i laget rundt barnet og eleven må jobbe saman for å skape eit inkluderande fellesskap.
- Det pedagogiske tilbodet må tilpassast slik at alle får eit best mogleg utgangspunkt.

Dei tilsette skal få kompetanse til å:

- Kunne forebygge utanforskap
- Fange opp utfordringar
- Gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som treng særskilt tilrettelegging.

Forarbeidet til kompetansehevinga skal gjennomførast i tre steg i tida før jul 2023 til våren 2024. Gjennom dette forarbeidet vil ein avdekke kva for satsingsområde barnehagen bør ha for arbeidet vidare.

I tillegg til å jobbe med «Kompetanseløftet» kan me jobbe med UDIR si kompetansepakke i høve trygt og godt barnehagemiljø. Det er viktig at me får ei felles plattform i høve dette arbeidet og felles forståing for omgrepa som er knytt til det å sikre barn eit trygt og godt barnehagemiljø. Arbeidet med dette vert gjort på kveldstid når me har personalmøte.

I veke 10 blir det lagt opp til kurs på dag og kveld for dei tilsette, men innhald og kurshaldarar er ikkje kjent.

14. Personalsamarbeid

Mål:

- Samarbeid for å kunne nå dei måla vi set oss for arbeidet med barna. Teamtankegang
- Ha det moro saman, og vise omsorg for kvarandre

Tiltak:

- Joleavslutning
- Sommaravslutning
- Personalmøte
- Gode rutiner for informasjonsutveksling
- Fordele ansvar
- Kompetanseheving
- Arbeide i høve felles forståing for vaksenrolla i barnehagen

15.Dagsrytme

06.45 Barnehagen opnar

Frukost for dei som har med niste fram til kl 9.00

Leik inne eller ute

09.30 Eventuell tid for aktivitetar, turar.....

Dei som søv i utetida går ut på formiddagen

Fellesrydding

10.30 Samling

10.55 Handvask

11.00 Måltid (brød / varmmat og frukt)

Tidspunktet for måltidet kan variere noko i dei ulike gruppene. Dei yngste kan ete tidlegare enn dei eldste.

11.30 Garderobe (påkledning), bleieskift, soving

Uteaktivitetar, leik

Fellesrydding ute dersom vi går inn til måltid. Vi ventar med ryddinga dersom vi et ute.

14.00 Måltid (knekkebrød / brød)

Leik inne eller ute

17.00 Ungane skal vere henta og ute av barnehagen

16. Skule- og barnehageruta

| Månad | Merknad | Fridagar elevane/ungane, planlegging for tilsette |
|-----------|--|---|
| August | Skule-/barnehagestart for elevar/ungar 21.august | Planleggingsdag skule 15., 16., 17. og 18. august. Planleggingsdagar sfo 16., 17. og 18.august Planleggingsdag barnehage 17. og 18.august |
| September | | |
| Oktober | Hautferie for skulen veke 41 (9. - 13.oktober) | |
| November | | |
| Desember | Siste skuledag før jol er torsdag 21.desember | |
| Januar | Fyrste skuledag etter nyttår er torsdag 4.januar | Planleggingsdag barnehage 2.januar |
| Februar | Vinterferie for skulen veke 8, (19. - 23.februar) | |
| Mars | Påskeferie på skulen f.o.m måndag 25.mars til måndag 1.april | Barnehagen har ein planleggingsdag som ikkje er datofesta Onsdag 27.mars stenger barnehage og sfo kl 12 |
| April | 2.påskedag 1.april | |
| Mai | Offentlege fridag 1.mai, Kr.Himmelfartsdag 9.mai Grunnlovsdag 17.mai, Andre pinsedag 20.mai | Planleggingsdag barnehage, skule og SFO 10.mai |
| Juni | Siste skuledag elevar 21.juni | |
| Juli | Sfo er stengt veke 28, 29 og 30 Barnehagen er stengt veke 29 og 30 | |

17. Hugseliste for foreldra

Hente/ bringe:

- Respektere opningstider
- Gje beskjed dersom barnet ikkje kjem eller kjem etter kl 09.30
- Gje beskjed dersom barnet blir henta av andre enn foreldra
- Helse og seie "hade" - vere gode førebilete i høve "folkeskikk"

Klede og utstyr:

- Syte for at barnet har rette klede og sko til rett vær og årstid
- Halde tøy og utstyr i orden og merkt
- Syte for at det er skift i sekken (og at klede passar)
- Ta med utetøy og baggar / sekkar heim kvar fredag
- Ta med solkrem og evt kuldekrem
- Ta med sekk på utegruppedagar
- Ta med drikkeflaske. Flaska bør heim for vasking kvar fredag.

Samarbeid og kommunikasjon:

- Gje tilbakemelding til barnehagen (ris og ros)
- Gje barnehagen beskjedar
- Snakke positivt om barnehagen. Dersom ein har kritikk bør dette takast opp med barnehagen
- Lese dagskrivet (om kva som er gjort i barnehagen i dag)
- Fylgje opp beskjedar
- Laste inn appen Min barnehage og fylgje med på beskjedar og informasjon som kjem der
- Sjå nytta av foreldremøte og foreldrerådsmøte. Forum for å drøfte, lufte og minne kvarandre på....

48 timars regelen

For å unngå smitte i høve omgangssjuka / diare bed me om at foreldra held ungane sine heime frå barnehagen 48 timar etter siste symptom. Den sjuka er ein sterk smitteberar desse to døgn sjølv om vedkomande føler seg i grei form.

